



Saksnamn: Detaljregulering for F24 ved Nysætervatnet (planid 15282017007)	
Møtestad: Rådhuset	Møtedato: 20.12.2017
Deltakarar:	Frå kommunen
Forslagstillar:	Arild Sunde Rinnan, Arealplanleggar
Nils Sigurd Drabløs (25/2) (kontaktperson)	Kristian Trandal, Fagansvarleg byggesak
Arne Ødegård Velle (25/1)	
Fagkunnig plankonsulent:	
Asplan Viak AS v/Håkon Kvile	
1. Informasjon om planarbeidet og tema som vart tatt opp i møtet	
<p>Det er ønsket om å detaljregulere felt F24 innanfor kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet. Feltet blir delt i to av Drabløsskogvegen. På nedsida av vegen ligg det 4 eksisterande hytter der alle har direkte tilkomst frå Drabløsskogvegen. På oversida er det 4 eksisterande hytter og to frådelte, men ubebygde tomter. Tre av hyttene på oversida og dei to frådelte tomtene har felles tilkomstveg frå Drabløsskogvegen.</p> <p>Framtidig vegføring må planleggast utifrå stigningsforhold og plassering i terrenget. Kommunen viser til kommunedelplanen som seier at vegar ikkje skal ha større stigning enn 1:10. Teiggrensar bør ikkje vere ei hindring for plassering av internvegar.</p> <p>Det planleggast frittliggande fritidsbustader som er i samsvar med kommunedelplanen sine retningslinjer. Nils Sigurd Drabløs snakka på møtet om at det er viktig å leggje forholda til rette for vidare bruk av området for beitedyr. Då med omsyn til plass mellom hyttene og ikkje gjerde inn eigedomar.</p> <p>Det er vinteren 2017 brøyting av Dravlausvegen. Denne ordninga vil bli evaluert etter årets sesong. Om den blir brøyta vil den då ver open for bilferdsel heile året. Dette betrar også situasjonen for sløkkevatn, då tankbil frå brannvesenet kan komme til område også på vinterstid. Ein bør ta høgde for krav om vinterparkering i planen om ordninga med brøyting ikkje held fram.</p> <p>Kommunen oppfordrar forslagstillarane til å sørge for at det blir tatt vare på eksisterande vegetasjon som gravast bort for å bruke til å dekke til etter opparbeiding av grøfter og skråningar.</p> <p>Skiløypa/lysløypa ligg nær planområdet mot Nysætervatnet. Plasseringa av denne må kartleggast for å finne ut om traseen eller 10 meter byggegrensar frå senter av løypa vil påverke planlegginga av F24. Om delar av skitraseen eller ein buffer innanfor 10 meter frå senter av skitrase blir liggande innanfor planområdet, må det takast omsyn til i planlegginga.</p> <p>Rekkjefølgjekrav:</p> <p>Krav om innbetaling av økonomisk bidrag til infrastrukturtiltak innanfor kommunedelplanområdet skal innarbeidast i føresegnene, jf. Sykkylven kommunestyres vedtak i sak 93/2016.</p>	
2. Planføresetnader	skal fyllast ut av kommunen
Reguleringsplanform	
<input type="checkbox"/> Områderegulering	
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering	

Følgjande overordna planar (fylkesplanar, arealdel til kommuneplanen, kommunedelplanar, områdereguleringsplanar, temaplanar mm.) har konsekvensar for planområdet:

PlanID	Godkjent	Plannamn	Formål (som blir berørt)
15282013001	26.05.2013	Kommunedelplan for areal kring Nysætervatnet	Fritidsbustadar

Planen vil erstatte delar av følgjande planar (reguleringsplanar, utbyggingsplanar mm.):

PlanID	Godkjent	Plannamn	Formål (som blir berørt)
15282008002	11.02.2008	Reguleringsendring for Nysætervatnet, Lysløype	Fritidsbustader, friområde

Er det i gang anna planarbeid i nærområdet?

- Ja**
 Nei

Merknader: På austsida av Sætervatnet er felt F21 under utarbeiding.

Vil planforslaget samsvare med overordna plan?

- Ja**
 Nei

Merknader: I kommunedelplanen er området avsett til fritidsbustader

**Vil planforslaget utløyse krav om konsekvensutgreiing/planprogram?
(Jf. Forskrift om konsekvensutgreiingar - KU)**

- Ja**
 Nei

- Fell planen inn under KU § 2 → skal konsekvensutgreiast
- Fell planen inn under KU §§ 3 og 4 → skal konsekvensutgreiast
- **NB!** Dersom planen fell innunder § 3, men ikkje innunder § 4, skal dette gå fram av varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet, jf. KU § 5

Merknader:

3. Krav til kunngjering om oppstart av planarbeid

Kopi av referatet frå førehandskonferansen skal sendast regionale myndigheiter med varsel om oppstart av planarbeidet. Forslagstillar skal varsle oppstart av planarbeidet, jf. pbl § 12-8. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker. Kunngjeringa skal også publiserast på kommunen si heimeside (kopi av annonseteksten skal sendast til kommunen).

Kunngjering om kva brev og annonse skal innehalde:

- Oversiktskart, avmerka planområde
- Kart 1:1000 – 1:5000 med planavgrensing
- Orientering om planforslaget, gjeldande

Merknader:

- Førebels planavgrensing skal avklarast i førehandskonferansen

og framtidig planstatus og formål	
4. Utgreiingsbehov for planarbeidet – førebels vurdering	
Følgjande forhold skal utgreiast i samband med planarbeidet. Detaljering av vurderingstema går fram i vedlagd sjekklister for innhald i planframlegget. Tema som ikkje er kommentert i dette referatet kan likevel vere viktige i reguleringa. Ev. behov for utgreiingar skal vurderast av planleggjar i den konkrete reguleringssak.	
1. Barn og unge sine interesser	Barn og unges interesser må takast med som eige punkt i planomtalen.
2. Universell utforming	Sjå KDP, føresegna, punkt 2.5 Tilgjenge for alle
3. Eldre sine interesser	Ingen merknad
4. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar, skogbruksinteresser	Ingen merknad
5. Naturmangfald	Vurder planområdet etter Naturmangfoldlova
6. Kulturlandskap og kulturminne	Det kan bli krav om arkeologisk registrering. Ingen kjende registreringar av kulturminner innanfor planområdet
7. Strandsone, sjø og vassdrag	Det er eit generelt forbod mot tiltak nærare enn 70 meter frå Nysætervatnet, jf. kommunedelplanen føresegna 6.1. (Gjelder ikkje for vassforsyning og avløpsanlegg) Det kan vere bekkar i området som ein må ta hensyn til i planprosessen. Viser til NVE sine rettleiarar.
8. Miljøvern faglege vurderingar	Ingen merknad
9. Samfunnstryggleik og beredskap	Planområdet ligg utanfor kjende aktsemdsoner for skred. (Området ligg innanfor aktsemdsone for NVE sitt snøskredkart, men utanfor NGU sitt aktsemdkart for snø og steinskred. I desse tilfella nyttast NGU sitt kart pga. at dette berekna av skredkyndige, ref «Produktark: Snø- og steinskred – aktsomhetsområder».) Manglande sløkkjevattn i området, sjå planomtale side 18. Det må utarbeidast ei ROS-analyse
10. Veg og vegtekniske forhold, trafikktryggleik	Vinterbrøyting av Dravlausvegen? Korleis er internvegane tenkt? Stigningsforhold
11. Kommunaltekniske anlegg (vass, straum, avløp, renovasjonsteknisk plan)	Sykkylven Energi AS skal kontaktes. Sjå elles KDP, føresegna punkt 2.3 Vatn og Avløp og punkt 2.4 Infrastruktur
12. Klima og energi	Sjå KDP, føresegna, punkt 2.6, Klima og energi

13. Folkehelse (støy, ureining, m. v.)	Plan skal oppfylle minimumskrav i T-1442 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
--	--

5. Krav til planforslaget – innhald og materiale

Forslagstillar er gjort kjent med kommunen og pbl sine krav til planframlegg som går fram i eige dokument.

- Plankart (PDF-plankart og det skal leveras feilfri SOSI-fil ved 1. gongs offentleg ettersyn og etter eigengodkjenning)
Navning av dokument: «15282017007-F24-Plankart rev. (dato)»
- Reguleringsføresegner (jf. pbl § 12-7)
Navning av dokument: «15282017007-F24-Føresegner rev. (dato)»
- Planomtale (jf. pbl § 4-2)
Navning av dokument: «15282017007-F24-Planomtale rev. (dato)»
- Risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. pbl § 4-3)
- Utfylt sjekklste for innhald i planframlegget (lista har inkl. ROS-sjekklste)
- Kopi av kunngjeringsannonse, varselbrev og adresselste
- Kopi av innkomne merknader

Merknader: - digitalt plankart skal sendast direkte til sakshandsamar
arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no

6. Oppstart av planarbeidet – tilråding frå kommunen

- Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet
- Kommunen er usikkert om oppstart kan tilrådest
- Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet

Grunngeving: Planen er i samsvar med gjeldande overordna plan.

7. Vidare framdrift

- Avgrensing av planområdet er avklart (stort sett slik som i kommunedelplanen, med noko justering på den nordlege grensa for å tilpasse seg eigedomsgrenser mot skiløypa.)
- Kommunen sender forslag til plannamn og plan-ID til plankonsulenten etter konferansen (sjå saksnamn på første side)
- Forslagstillar skal kontakte Sykkylven Energi AS for å avklare kapasiteten av dei kommunaltekniske anlegga
- Det kan vere ønskeleg med eit ekstramøte der ev. innkomne merknader, plankonsulenten sine førebels skisser og forslag vert gjennomgått
- Forslagstillar er gjort kjent med reguleringsplanprosessar (illustrasjon)
- Forslagstillar er gjort kjent med sakshandsamingsfristar
- Forslagstillar er gjort kjent med kommunen sitt gebyrregulativ for handsaming av reguleringsplanar.
- Plankonsulent får oversendt kartgrunnlag av kommunen

Kommunen leverer vedlegga til dette dokumentet til følgjande e-postadresse:
hakon.kvile@asplanviak.no

8. Stadfesting

Under førehandskonferansen er utgreiingsbehov for planarbeidet opplyst så langt det har vore mogleg på dette tidspunktet. Liste over krav til plan er delt ut under konferansen saman med ev. kommunale vedtekter og retningslinjer.

Verken referatet eller førehandskonferansen medfører plikter for den seinare sakshandsaminga. Innkomne merknader, ev. krav frå myndigheiter til planen, vil kunne føre til endring av prosjektet eller til framdrift av prosjektet.

Dato: 21.12.2017

For kommunen: 

Referatet er godkjent og motteke (dato): 02.01.2018

For forslagstillar: 

Vedlegg lagt ved oversendinga (link til kommunens heimeside):

- Sjekkliste for innhaldet i planframlegg
- Krav til planframlegg
- Illustrasjon av planprosess
- ROS-sjekkliste frå Fylkesmannen
- Kommunens gebyrregulativ
- Møtedatoar på politiske møter